

DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Dato: 17.04.2013

Vår ref: 12/407-11 BOS

Dykkar ref:

Statsbudsjettet 2014 - strukturendringar og budsjettreformer - høyringsvar

Møre bispedømeråd (MBDR) har i brev av 14/2-13 frå Det kongelige fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartement (FAD) sendt på høyring forslag til strukturendringar og budsjettreformer for Den norske kyrkja med verknad for statsbudsjett 2014. Saka vart handsama av Møre bispedømeråd i møte den 10/4-13 og bispedømerådet gir slikt høyringsvar:

Forslag om å slå saman driftstildelingane.

Møre bispedømeråd støttar framlegg til endring av budsjettstrukturen slik at kyrkjeleg administrasjon (kap 1590) og prestetenesta (kap 1591) går inn i eitt budsjettkapittel. Møre bispedømeråd ser det som eit godt siktemål å kunne prioritere mellom ressursbruk på tvers av dei løyvingane som i dag blir gitt til presteskap og administrasjon. Rapportkrava vil bli tatt i vare gjennom korrekt bruk av formålsdimensjonar i reknskapet.

Inntil trusopplæringsreforma er fullfinansiert, ønskjer Møre bispedømeråd ingen ytterlegare samanslåing av post 71.16 (tilskott til stillingar innafor diakoni, kyrkjeleg undervisning og til kyrkjemusikalsk verksemd i domkyrkjene) og post 75 (tilskott til trusopplæring). Bispedømerådet vil ikkje sette seg i mot at post 71.16 blir tildelt Kyrkjerådet og forvalta og fordelt etter nærare reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Det same gjeld midlar over post 75 til trusopplæringsreforma.

Husleigeavtalar

Møre bispedømeråd støttar framlegget om at bispedømerådet sjølv kan inngå leigeavtalar innafor ramma av tildeling utan nærare godkjenning frå FAD. Vi vil peike på at det er variasjon i bispedømeråda sin stand når det gjeld kontorlokale og at ein finn fram til tenlege overgangsordningar for dei som i dag har dårlegast rammevilkår.

Hovudavtalen i staten

Møre bispedømeråd støttar framlegget om at partsstillinga mellom organisasjonane og FAD blir vidareført. Konsekvensen blir at det ikkje blir endringar i høve til reglane om verneombod, medråderett eller personal- og tilsettingsreglement.

Lokale lønsforhandlingar

Møre bispedømeråd ser dette punktet som ein naturleg konsekvens av ein eventuell endring i budsjettfullmaktene. Prinsipielt sett kan vi ikkje sjå at det lenger er naturleg at prestane og dei stabstilsette har ulike ordningar for gjennomføring av lokale forhandlingar. Det vil og gi høve til personalpolitisk og sjå alle tilsette, både prestar og stabstilsette, saman.

Fastsetting av løn for biskop og stiftsdirektør mm

Møre bispedømeråd ser at det kan vere prinsipielle utfordringar med den praksis det blir lagt opp til i høve til fastsetting av løn til biskop og stiftsdirektør. Det er utfordrande for verksemda når «neste nivå» forpliktar verksemda økonomisk, utan at det blir gitt kompensasjon i form av

auka tildeling. Det kan og bli oppfatta som ei særordning at det organ som tilsett dagleg leiar, ikkje skal ha ansvar og forhandlingsplikt for lønsutvikling etter tilsettinga. Samtidig skal departementet ivareta eit overordna ansvar for at lønsnivået biskopane i mellom og stiftsdirektørane i mellom er relativt jamm.

Møre BDR vurderer det slik at FAD legg opp til praktiske og gode løysningar for eit forvaltingsorgan av vår karakter og støttar forslaga til endringar på dette området. Møre BDR støttar og forslaget om at stiftsdirektørane skal reknast som verksemdsleiarar etter HTA pkt 2.3.3. Med den mynde og det ansvar som ligger til stillinga som stiftsdirektør er dette ei nødvendig og naturleg endring.

Drøfting med dei tillitsvalde

Saka vart handsama i kontaktmøte med Presteforeininga og Teologane den 21/3-13.

- Teologane er skeptiske til ei samanslåing av kap 1590 og 1591 og fryktar at kyrkjeleg administrasjon skal vekse i høve til prestenesta.
- PF støttar ei samanslåing av 1590 og 1591, men meiner at fordelinga mellom 1590 og 1591 ikkje kan vere ei politisk avgjerd etter Hovudavtalen og ønskjer å vere med å drøfte alle sider av budsjettet – også fordelinga mellom 1590 og 1591.
- PF åtvarar mot at ny organisering kan bli eit påskott for å redusere overføringane mellom stat og kyrkje.


Oppsummering

Møre bispedømeråd støttar forslag om samanslåing av driftstildelingane over kap 1590, post 01 og kap 1591, post 01, med tilsvarende inntektskrav. Vidare støttar bispedømerådet forslaga til endringar i høve til hovudavtalen, lokale lønsforhandlingar og endringar for biskop og stiftsdirektør. Møre bispedømeråd går i mot ytterlegare samanslåing av postane 71.16 og 75 inntil trusopplæringsreforma er fullfinansiert.

Møre bispedømeråd stør forslaget om at bispedømerådet sjølv inngår avtalar om leige av kontor, men at det blir lagt til grunn overgangsordningar for dei som ikkje har tilfredsstillande kontortilhøve.

Møre bispedømeråd tilrår at ytterlegare forslag til endringar i budsjettfullmakter og -strukturen i folkekyrkja skjer i forståing med bispedømeråda. Det gjeld og i dei situasjonar der fullmakter eventuelt blir foreslått flytta frå departementsnivå til andre sentralkyrkjelege organ.

Med helsing


Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Kopi til:
Kyrkjerådet

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO